



SAKSHANDSAMAR  
Erik Småland

VÅR REF.  
13/00481-7

ARK. F - Fartøy

Fyk

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO

30.03.2016

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Museumssenteret i Hordaland  
Salhusvegen 201  
5107 SALHUS

Hordaland Fylkeskommune

01 APR 2016

## M/Y FYK - avslag på søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2016 post 1429 kapittel 74

Riksantikvaren syner til søknaden Dykkar av 01.11.2015 om tilskot til nemnte farty. Søknaden har vore gjennomgått og vi finner at den oppfyller gjeldande vilkår. Vi er leie for å måtte avslå søknaden.

Det har komme inn søknader frå 169 fartøy, 3 SAVOS-fylke og ein SAVOS-kommune på om lag kr. 308 millionar for inneverande år. Riksantikvaren si budsjett for 2016 dekkjer om lag 32 % av den samla søknadsmassen. Dette gjer at farty som oppfyller vilkåra for tilskot og/eller fell inn under Riksantikvaren sine prioriteringar likevel må få avslag eller redusert tilskot i høve søknaden. Midlane er hovudsakleg fordelte på freda farty, igangverande prosjekt, større farty som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar og farty som vil kome av slipp og/eller ut av dokk.

### Vi syner til vedlagte utfyllande informasjon.

Med bakgrunn i dette gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:

#### VEDTAK

*Søknad om tilskot til «Fyk» i 2016 vert avslegen.*

*Søknad om vernestatus for fartyet vil bli behandla i løpet av året.*

### Grunngjeving

Då tilskotsmidlane berre dekkjer ein del av behovet, må Riksantikvaren også i 2016 prioritere strengt når det gjeld kva farty som får tilskot. Hovudkriteria for tildelinga står i Proposisjon til Stortinget 2015 - 2016 s.135, der det går fram at følgjande tilhøve skal vektleggjast ved fordelinga av tilskot til sikring - og restaureringstiltak i fartyvernet:

- ålmenn interesse
- offentleg tilgjengelege
- økonomisk gjennomføringsvilje og - evne
- potensial for lokalt engasjement
- særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytt til fartyet.
- tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall
- farty som det finst få av
- tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Innafor tildelingskriteriene frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren difor gjort ei ytterlegare prioritering som kommer fram av lista under.

1. Freda farty
2. Tilskot til større fartøy som kan miste sertifikat utan utbetringar. Fleire har pålegg frå Sjøfartsdirektoratet som vil medføre relativt store kostnader.
3. Vidareføre / fullføre igangverande prosjekt.
4. Få fartøy av slipp og/eller ut av dokk.
5. Rimelig geografisk fordeling.

#### **Prioriterast ikkje i 2016:**

1. Kosmetiske tiltak.
2. Tilbakeføringar/endingar som ikkje er ein integrert del av andre igangverande tiltak.
3. Igangsetjing av nye, store prosjekt med høg kostnad eller der tilstanden er ukjend.
4. Tiltak som ikkje direkte kjem fartya til gode, som ulike former for formidlingsprosjekt o.l.

«Fyk» er ikkje freda og står ikkje i fare for å miste sertifikat. Det pågår ikkje arbeid med tilskot frå Riksantikvaren på fartøyet no, og det legg ikkje beslag på slipp eller dokk. Riksantikvaren er difor lei for å måtte gje avslag på søknaden om tilskot for 2016.

«Fyk» har tidlegare samla motteke 722 000,- i tilskot til sikring og restaurering og står lagra under tak hjå Hardanger Fartyvernsenter i påvente av meir omfattande istandsetjing. Det er for tida mange farty under arbeid hjå senteret, og tilskota i 2016 skal syte for at fleire av desse vert ferdigstilte slik at det vert plass for nye oppdrag.

#### **Generell informasjon**

Riksantikvaren gjer merksam på at den som eig eit verna farty også kan søkje om tilskot frå stiftingar, fylkeskommunar samt nasjonale og regionale fond og legat.

Sjølv om fartyet ikkje vart prioritert med tilskot i år, kan Riksantikvaren likevel bidra med råd og rettleiing i arbeidet med dokumentasjon, restaurering, vedlikehald og utarbeiding av søknader.

#### **Høve til å klage**

Vedtaket kan klages inn til Klima - og miljødepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre – 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. § 29 i forvaltingslova.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen(e.f.)  
seksjonssjef

Erik Småland  
seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift**

Vedlegg: 1

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020  
BERGEN

47#253:a17c498c-c114-4e7b-ad7f-c6b8b3d63416:5